



7. klasse elevane saman med læraren Laila Anita Vågen undrar seg over eit ekorn i eit av tuntrea på Haugland skulemuseum.

7. klasse i Uskedalen gjer førearbeidet til å dokumentera vår kulturhistorie festa til filmen. Bakgrunnen er eit tilbod frå filmskapar Merete Offerdal Tveit til 7. klassane i Kvinnherad om å finna og få presentert gode historiar på film. Etter nokre timar i den gamle skulestova på Haugland, delvis i rolle så går det mot ei filmatisering av ein skuledag i eldre tid.

Prosjektet er delt inn i to fasar.

Dag 1 går med til innsamling av historisk materiale, manusskriving, skanning av bilete, tekstlesing og filming. Alle i klassen er engasjerte og ein legg opp til at klassen lagar utkast til to filmar. Dag 2 vert brukt til redigering der ein vel ut kva ein vil ha med. Merete Offerdal Tveit gjer filmen ferdig og kjem tilbake til skulen med eit utkast.



7. klasse elevane samla i skulestova på Haugland skulemuseum. Tre elevar var borte frå skulen denne dagen og fekk soleis ikkje vera med på denne delen av prosjektet.

Målet med prosjektet er at elevane skal få eit innsyn i kva som ligg bak produksjonen av ein dokumentarfilm. Elevane får læra om ideutveksling, research, intervju, filming, lydopptak og redigering.

Merete Offerdal Tveit har lang røynsle som filmskapar. Ho har mellom anna laga filmsnuttar frå Sunde der ulike historiske tema kvar dag i ein månad vert dokumentert. Ho har laga film om fartybygging i Bergslagen, det som no er Sunde kyst- og litteratursenter. Det same har ho gjort på fjellgarden Bjørnebøle.

Ein føresetnad for å lukkast med filmprosjektet i skulen, er at ein vel eit enkelt og oversiktleg tema. Det må ikkje vera for omfattande. Det kan gjerne handla om ein person eller ei hending. 7. klasse i Uskedalen har vald eit tema om det å veksa opp i ei anna tid. Ein legg opp til å bruka lokale informantar i intervjufasen.

Dersom alt går etter planen, vil klassen vera i aksjon med filming alt onsdag i neste veke. Læraren deira heiter Laila Anita Vågen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal